



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling - avdeling plan

«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Anne Lise Næs	476 79 967	2022/2064-15	«REF»	03.05.2024


Varsel om oppstart av planarbeid Detaljregulering for fv. 500, Ranavik Ferje- og snøggåtkai, 189/79 m. fl. PlanID 20210003

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-3 vert det med dette meldt oppstart av arbeid med detaljregulering for Ranavik ferje- og snøggåtkai. Det vert regulert i to nivå; nivå 1 under sjøoverflata og nivå 2 på land.

Ansvarleg for utarbeiding av framlegg til plan er Vestland fylkeskommune.


Tiltak vert også nabovarsla når byggesak er klar og oversendt Kvinnherad kommune.

Området er tidlegare regulert i reguleringsplanen «Trafikksikring fv 60 Sæbøvik – Ranavik, planID 20070005», vedtatt 2007. Planarbeidet det no vert varsla oppstart for, vil erstatta gjeldande reguleringsplan, planID 20070005.



Figur 1 Gjeldande reguleringsplan, "trafikksikring fv 60 Sæbøvik - Ranavik, planID 20070005

Eksisterande forhold:



Ranavik ferjekai er plassert heilt nord-vest på Halsnøy. Ferjekaien er i nord og aust omkransa av utmark, i sør og vest fritidsbustadar og naust, dagens situasjon vist i figur 2. Ferjekaien er ikkje etablert i samsvar med gjeldande reguleringsplan (vist i figur 1).

Etter ombygging og oppgradering av Ranavik ferjekai er det ikkje lenger mogeleg for snøggbåt å legge til tilleggskaia. Det er bygd ei midlertidig snøggbåtkai som må erstattast av ny permanent kai.

I reguleringsplanen som nå er under arbeid har trafikktryggleik hovudfokus, og det vert lagt til rette for etablering av permanent snøggbåtkai, betre trafikale forhold for alle trafikantar; parkering, areal for mjuke trafikantar, kollektivtrafikk m.m. I planarbeidet vert det sikra tilkomst til eksisterande fritidsbustadar i søraust.

Dagens kaiområde har for lite areal til oppstillingsplass for bilar og parkering.

Figur 2: Dagens situasjon

Ved å endre tilkomstvegen til naustområdet og parkering, kan vi auke tal oppstillingsplassar til ferje med 6 plassar for personbil. Tal oppstillingsplassar for tunge køyretøy kan aukast med 3-5 plassar og for rørslehemma blir det 2 plassar. Tal parkeringsplassar vert auka med 1 plass.

Det er god plass til 2 bussar, og Kyss & Køyrl kan nytte same plass som bussane.

Utfordringar/kritiske faktorar me har teke omsyn til i idèskissar:

- Trafikktryggleik
- Universell utforming
- Sporing modulvogntog
- Ferjeoppstillingsplassar, både for personbilar, eigen plass for personar med særskilde behov (HC), tunge køyretøy, spesialtransport
- Parkering for reisande med ferje
- Parkering for reisande med snøggbåt
- Parkering for tilsette ved ferje og snøggbåt
- Parkering for naust
- Kollektivtransport
- Kyss & Køyrl
- Trafikkflyt og -tryggleik for alle trafikantar til/frå parkeringsplassar, venterom, Kyss & Køyrl m.m.
- Stigningsforhold
- Tilgrensande aktivitetar
- Andre fagområde som t.d naturmangfald, kulturminne/kulturmiljø, landskap, ytre miljø må avklarast i reguleringsplanprosessen.

Oppsummering og vurdering:

Våre idèskisser er basert på best mogleg trafikktryggleik for alle trafikantar, og at mjuke trafikantar skal skiljast frå køyrande i størst mogleg grad. I dei skisserte løysingane er det ikkje nødvendig å krysse oppstillingsfelt for bilar som venter på ferje når ein går til/frå parkering, ventebu og buss.

Det vert lagt til rette for parkering nær ventebu.

Tilkomstveg til parkering er ikkje i konflikt med friksjonsplate og overgangsplate til snøggbåtkaien, og parkering er ikkje i konflikt med naustområdet.

Det kan vera noko lang avstand frå parkering for rørslehemma til ferje. Me foreslår likevel denne plasseringa då det er mest sannsynleg at personar som nyttar denne parkeringa skal til snøggbåten. Personar med særskilde behov som skal på ferja vil truleg køyre bil.

Informasjonsmøte 23. mai kl. 18-19:30

Det vert arrangert informasjonsmøte i auditoriet på Halsnøy skule 23. mai i tida 18-19:30.

Innspel til planarbeidet må sendast innan 21.06.2024.

Innspel sendast som e-post til post@kvinnherad.kommune.no eller som brev til Kvinnherad kommune, Rosendalsvegen 10, 5470 Rosendal.

Kontaktpersonar:

- Vestland fylkeskommune v/Hilde Gunn Stenseth, hilde.gunn.stenseth@vlfk.no
- Kvinnherad kommune v/Anne-Lise Næs, anne.lise.naes@kvinnherad.kommune.no

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Anne Lise Næs
Planleggjar off. planforslag

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Åse Eide

Øyvind Ousdal

Kristian Helgesen

Åslaug Brænde

Heidi Solheim

Sigbjørn Øye

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Rosendalsvegen 10

Rosendalsvegen 10

Rosendalsvegen 10

Rosendalsvegen 10

Rosendalsvegen 10

Rosendalsvegen 10

Postboks 7900